



GLOPPEN KYRKJELEGE FELLESRÅD

SAKSPAPIR

SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
FELLESRÅDET	.2017	21 -2017

Avgjerd av: Saksbehandlar: Kurt Djupvik	Objekt: Arkiv:	Arkivsaknr.:
--	-------------------	--------------

SAK 21 – 2017 HØYRING FRÅ KULTURDEPARTEMENTET

Ny lov for trussamfunn, inkl. Den Norske kyrkja.

«Trossamfunnsloven»

Til det kongelege kulturdepartement,

Oslo

Det kongelege kulturdepartement har sendt ut på høyring eit forslag som tek sikte på å revidere lovgjevinga og tilskotsordninga for Den norske kyrkja (Dnk) og dei andre trus- og livssynssamfunna. Høyringsnotatet er på 230 sider og **høyringsfristen er 31. des. 2017.**

Høyringa er open, og alle som vil kan kome med innspel . Det er utarbeida ein nettbasert høyringsløyving.

Du kan gå inn på : www.regjeringen.no/2572665

Høyringsuttalane er offentleg etter off. lova og vil bli publiserte på heimesidene til Kulturdep.

Departementet har bede om høyringssvar på 29 konkrete spørsmål via heimesidene sine.

Bakgrunn

Høyringsdokumentet er svært omfattande, så kyrkjeverja må ta med det som er viktigast for våre lokale kyrkjer og kyrkjelydar.

Då Dnk vart eit eige rettssubjekt varsla departementet at det ville kome ei ny lov om trus- og livssyn i det norske samfunnet.

Kyrkja, og Kyrkjemøte (KM) er no eit sjølvstendig rettssubjekt og det må følgjast opp med ei særskild lov. Difor må vi ha ei lovregulering innan dette feltet.

Frå Kyrkja si side er det viktig at dette vert ei råmelov, slik at kyrkja kan ta sjølvstendige standpunkt utan at staten grip inn og detalj regulerar kva kyrkja skal gjere og meine.

I dag har vi følgjande lover:

1969 : Rettsleg regulering, Lov om trudomssamfunn og ymist anna.

1981: Tilskot til livssynssamfunn.

1996: Lov om Dnk.

Alle desse loven skal no sameinast / harmoniserast i ei ny felles lov om Trus- og Livssynssamfunn, inklusiv Dnk.

Staten legg vekt på Grunnlova § 16 og lov om menneskerettar.

Alle innbyggere i riket har fri religionsutøvelse. Den norske kirke, den evangelisk-luthersk kirke, forblir Norges folkekirke og understøttes som sådan av staten. Nærmere bestemmelser om Kirkens ordning fastsettes ved Lov. Alle tros- og livssynssamfunn skal understøttes på lik linje.

Dette vil føre til:

- Lik handsaming for alle trussamfunn.
- Forenkling av regelverk og finansiering.
- Modernisering og harmonisering i høve til « nye » Noreg. Eit fleirkulturelt samfunn.
- Staten vil styrke den off. kontrollen / tilsynet med alle trus og livssyns samfunn.
- Større sølvstende for Dnk med ei råmelov.

Stålset-utvalet, NOU 2013 -1 « Det livssynsåpne samfunn »

Hovudmålet for Kulturdepartementet er: Å legge til rette for at Dnk forblir ei demokratisk, landsdekkande, evangelisk, Luthersk, folkekyrkje som økonomisk vert understøtta av staten.

Forslagene

Lovens formål og medlemskapsspørsmål

1. Dagens tre lover erstattes av én felles lov om tros- og livssynssamfunn, jf. kap. 6, 8, 18 og § 1.
2. Lovens formål skal være å understøtte tros- og livssynssamfunnene, jf. kap. 7 og § 1.
3. Loven skal definere tros- og livssynssamfunn som "sammenslutninger for felles utøvelse av en religiøs tro eller et sekulært livssyn", jf. kap. 7 og § 1.
4. Den gjeldende lovregulerte ordningen om barns tilhørighet til tros- og livssynssamfunn oppheves, jf. kap. 18 og §§ 2 og 3.

Registrering og tilskudd

5. Det settes som krav for registrering av tros- og livssynssamfunn at samfunnet må ha mer enn 500 medlemmer som har fylt 15 år, jf. kap. 7 og § 3.
6. Lovens antallskrav kan oppfylles ved at likeartede samfunn søker om å bli registrert i fellesskap, jf. kap. 7 og § 3.

7. Det gis hjemmel i loven for at antallskravet kan fravikes i helt særlige tilfeller, jf. kap. 7 og § 3.
8. Et samfunn må være registrert for å ha krav på tilskudd og for å kunne tildeles vigselfrett, jf. kap. 7 og 19 og §§ 3 og 4 og forslag til endring i ekteskapsloven § 12 første ledd.
9. Staten skal overta kommunenes finansieringsansvar for tilskudd til tros- og livssynssamfunn utenom Den norske kirke, jf. kap. 13 og § 4.
10. Tilskudd til tros- og livssynssamfunn utenom Den norske kirke skal beregnes etter antallet medlemmer i samfunnet over 15 år, jf. kap. 14 og § 4.
11. Satsen for tilskudd per medlem i tros- og livssynssamfunn utenom Den norske kirke skal reguleres årlig i samsvar med endringene i statens tilskudd til Den norske kirke, jf. kap. 14 og § 4.
12. Tilskudd til investeringer i Den norske kirkes kirkebygg fra før 1900 skal ikke inngå i reguleringsgrunnlaget for tilskudd til andre tros- og livssynssamfunn, jf. kap. 14 og § 4.
13. Tilskudd til oppgaver Den norske kirke utfører på vegne av det offentlige skal ikke inngå i reguleringsgrunnlaget for tilskudd til andre tros- og livssynssamfunn, jf. kap. 14 og § 4.
14. Tilskudd til utgifter som følger av Den norske kirkes særlige stilling skal ikke inngå i reguleringsgrunnlaget for tilskudd til andre tros- og livssynssamfunn, jf. kap. 14 og § 4.
15. Samfunn skal kunne nektes tilskudd dersom de mottar bidrag fra stater som ikke respekterer retten til tros- og livssynsfrihet, jf. kap. 15 og § 6.
16. Det skal overlates til fylkesmannen å treffe vedtak om registrering og tilskudd etter loven og å føre tilsyn med virksomheten, jf. kap. 17 og § 7.
17. Fylkesmannens myndighet etter loven skal kunne ivaretas av ett fylkesmannsembete, jf. kap. 17 og § 7.

Den norske kirke

18. Særskilte bestemmelser som kun retter seg mot Den norske kirke (kirkelig rammelov) skal gis i et eget kapittel i den nye trossamfunnsloven, jf. kap. 8 og §§ 8 – 16.
19. Det skal overlates til Kirkemøtet å fastsette nærmere bestemmelser om kirkens organisering, kirkelig inndeling, kirkelige organer og valg til disse, jf. kap. 8 og §§ 10 og 11.

20. Det skal overlates til Kirkemøtet å fastsette bestemmelser om kirkebygg, jf. kap. 8 og § 13.

21. Det skal overlates til Kirkemøtet å fastsette bestemmelser om, og med hvilke unntak og særregler, forvaltningsloven, offentleglova og arkivlova skal gjelde for kirken, jf. kap. 8 og § 16.

22. Det skal overlates til Kirkemøtet å fastsette om medlemmer av kirken skal betale medlemskontingent, jf. kap. 10 og § 12.

23. Bestemmelsene om at soknet og Den norske kirke er selvstendige rettssubjekter skal videreføres, jf. kap. 8 og § 9.

24. Mener du at Den norske kirke skal finansieres ved at

a) dagens økonomiske oppgavefordeling mellom staten og kommunene føres videre

eller mener du at

b) staten skal overta det ansvaret kommunene i dag har for finansiering av den lokale kirke, jf. kap. 9 og § 12 (alternativer)?

Vigselsrett, gravplassdrift og andre spørsmål

25. Vigselsrett for tros- og livssynssamfunn skal videreføres, jf. kap. 19 og forslag til endringer i ekteskapsloven §§ 12 og 13.

26. Den lokale kirkes ansvar for gravplassdrift og –forvaltning skal videreføres som normalordning, jf. kap. 22 og forslag til endringer i gravferdsloven § 23.

27. Fylkesmannen skal etter søknad fra kommunen kunne treffe vedtak om overføring av gravplassansvaret til kommunen, jf. kap. 22 og forslag til endringer i gravferdsloven § 23.

28. Det ansvaret bispedømmerådet har etter gjeldende gravferdslov, skal overføres til de enkelte fylkesmenn, jf. kap. 22 og forslag til endringer i gravferdsloven §§ 4, 21 og 24.

MERKNADER FRÅ GLOPPEN KYRKJELEGE FELLESRÅD (GKF) TIL HØYRINGSNOTATET.

1) Felles råmelov.

GKF støttar departementet sitt ønskje om felles og heilheitleg lovverk for trussamfunn og at Den norske kyrkja (Dnk) får eit eige kapittel i denne trussamfunnslova.

(Høyringspørsmål nr 1 og 18)

2) Det offentlege sitt finansieringsansvar.

Grunnlova § 16 forpliktar det offentlege til å understøtte trus og livssynsamfunn.

Lova søker å organisere dette.

Prinsipielt, sjølv om vi er noko usamde i måten dette er foreslått ordna på, er det vårt syn at trus- og livssynsamfunn både lokalt og nasjonalt har hatt avgjerande betydning for enkeltpersonar og for samfunnet. Den modellen som vi har hatt i Noreg med off. understøtting har hatt stor viktighet og bør derfor vidareførast.

GKF er glad for T DEPARtementet framleis legg opp til ei offentleg understøtting av trus- og livssynsamfunna. For Dnk er det heilt avgjerande for at kyrkja skal vere representert i heile landet. (Høyringsp. nr 2)

3) Skal lova kunne stille krav til trus- og livssynsamfunna ?

GKF har full forståing for at det vert stilt visse krav / vilkår for å få stønad. Krava / vilkåra for støtte som vert stilt er sjølvsegde. Brot på desse vil som oftast vere knytt opp mot enkeltpersonar. (Høyringsp. nr 15)

4) Skal staten blande seg inn i Dnk indre organisering ?

Norge har ikkje lenger ei statskyrkje. Dnk er ei fri folkekyrkje, men likevel er den lovregulert i grunnlova § 16, og har eit eige kapittel i det nye lovforslaget.

Lovforslaget har likevel nokre føringar for Dnk. Her er det bestemt at Dnk skal ha kyrkjemøte, bispedømer, prosti og sokn, og nemnt stillingar som prest, prost og biskop, **men ikkje andre stillingskategoriar i kyrkja**. Lovutkastet legg dermed føringar for enkelte indre saker i Dnk. Dette vil gje ein stor ubalanse mellom dei ulike elementa mellom dei kyrkjelege stillingane. Vi ser dette som uheldig.

Fellesråda fekk arbeidsgjevaransvar for alle lokal kyrkjelege tilsette i 1996 og med ansvar for kyrkjebygga, gravferdsforvaltninga, kontakt med kommunen knytt mot budsjett og økonomi. Erfaringane etter over 20 år er med lovpålagde fellesråd er at desse organane har fungert svært godt og har fått gjennomført dei oppgåvene som har vore pålagde etter lova.

GKF ønskjer at det vert teke inn i lova at Fellesråda, som også representerer sokneråda, vert tekne med i lovteksten med definerte arbeidsoppgåver. (høyringsp. nr 19)

5) Krav om 500 medlemmer som har fylt 15 år for å få stønad.

GKF søttar at det må settast ei minstegrense i antal medlemmer for å kunne få støtte, men vi foreslår at denne grensa bør vere 100 medlemmer over 15 år for å få stønad.

(Høyringsp. nr. 5.6 og 7)

6) Statleg eller kommunal stønad til trus- og livssynssamfunnutanom Dnk.

GKF meiner at den direkte støtta bør vere statleg. (Høyringsp. nr 9)

7) Gravferdfeltet.

GKF søttar at lokalkyrkja som hovudmodell framleis skal ha gravferdsansvaret. GKF ser det som viktig at dette skjer via kyrkjeleg fellesråd. Dette organet bør lovfestast og det bør ikkje overlatast til Kyrkjemøte å bestemme kvar denne forvaltninga skal ligge.

(Høyringspørsmål nr 26,28)

8) Finansiering av Den norske Kyrkja.

GKF meiner at vi bør halde på ei desentralisert kyrkje, med kyrkjer i alle deler i landet.

GKF søttar Alternativ 1 med ei vidareføring av den ordninga som er i dag, ein statleg del og ein kommunal del.

For at kyrkja også vert knytt opp mot det politiske demokratiet meiner vi at kommunen bør vere representert i fellesrådet med ein representant.

(Spørsmål nr 24)

Ovanståande vert sendt til Det kongelige kulturdepartement som svar på høyringa om forslag til ny lov om trus- og livssynssamfunn frå Gloppen kyrkjelege fellesråd.